

Ordskifte

INNLEGG OVER 3500 TEIKN INKL. MELLOMROM KAN BLI NEDKORTA
ordskifte@dagogtid.no (Me godtek innlegg både på nynorsk og bokmål.)

«Når skal media ta ansvar for å vekke folk opp or svevnen?»

Klima og formidling

MILJØ
SIGBJØRN GRØNÅS
OS

Det er berre å innsjå at det enno er eit enormt gap mellom det vitenskapen forstår om global oppvarming, og det politikarar, journalistar og folk flest veit om klimakrisa. Eit ordskifte om klima i NRK TV1 som Per Anders Todal skriv om i Dag og Tid 19. oktober, gjev eit godt døme på dette.

Her fekk professor Ole Henrik Ellestad bera fram ein del oppspinn om klima. Todal går i rette med han, med bravur dokumenterer han korleis professoren er utan dømekraft når det gjeld klimaforskning, fagområde på sida av det han sjølv rår over. Ellestad har diverre fylgje med fleire gamle professorar i naturvitskap. Dette er folk som har tileigna seg ein overutvikla sjølvtilitt. Heile si tid har dei vore dei flinkaste mellom likemenn (dei er alle menn), på skulen, på universitetet og mellom kollegaer. Dei er overtydde om at deira fagkompetanse kan brukast i dei fleste samanhangar. Treffande kallar Todal dei «støysendarane i klimadebatten». Etter mangt eit ordskifte

er eg overtydd om at dei må neglisjerast. Dei vil alltid finnast mellom oss og er meir interessante som psykologiske kasus enn som fagekspertar på klimaendringar.

At Ellestad prøver å overtyda folk om at den globale oppvarminga er ein del av ei naturleg klimasvinging, får så vera. Det same gjeld Carl I. Hagen, som fekk boltra seg med sin klimatoskeskap. Det som verkeleg er ille, er at dei programansvarlege i NRK synest heilt blanke om det alvorlegaste problemet menneska må løysa innan svært kort tid. Til liks med store delar av pressa lever dei i ei fiktiv verd av påstand mot påstand, i ein evig runddans av «balansert» meningsutveksling, der alle synspunkt får lik vekt.

Slik kjem ordskiftet sjeldan lenger enn til spørsmålet om klimaendringane er menneskeskapte.

Todal, ein av få journalistar med klimakunnskap, oppfordrar kollegaene sine til å vera kritiske både til klimaforskarar og klimaskeptikarar. I prinsippet har han rett til å unna seg den luksusen, men ikkje meir enn i til dømes spørsmål om tobakk og helse. Då eg var barn,

oppfordra reklamen meg til å starta med tobakk så tidleg som mogleg. Om det var professorar som sa det same, veit eg ikkje. I dag lèt ingen journalist seg lura av slike som forsvarar røyking. På same måte har me i dag sikker kunnskap om klimakrisa.

Me veit at innhaldet av karbondioksid (CO₂) i atmosfæren aukar med 2 ppm (*parts per million*) i året som følgje av klimautsleppa. Me veit at dette aukar drivhuseffekten slik at kloten vert varma opp. Innan tretti år vil CO₂-innhaldet nå 450 ppm. Klimahistoria fortel oss at etter som Himalaya reiste seg for 50 millionar år sidan, auka innhaldet av CO₂ til over 1000 ppm. Dette førde nærmast til tropisk klima på høge breidder, og det fanst ikkje innlandsis på kloten. Klimaet vart langsamt kaldare etter som forvitring førde til at CO₂-nivået minka. For 34 millionar år sidan vart det danna innlandsis i Antarktis. Då var innhaldet av CO₂ nettopp om lag 450 ppm.

No kan oppvarming etter kvart smelta store delar av innlandsisen ved polane og heva havnivået med fleire meter. Går me denne vegen til endes og tømmer alle kjelder med fos-

silt drivstoff, er klimakatastrofen ein sikker konsekvens. Det einaste usikre er kor lang tid det vil ta.

Klimavitskapen, representert ved IPCC og nasjonale vitskapsakademi i land som USA og Storbritannia, åtvarar i kor om det ukontrollerte eksperimentet klimautsleppa utgjer. Bodskapen har i prinsippet nådd fram til politikarane, men dei verkar makteslause. Det er nok å peika på korleis det går med Kyoto-avtalen. Før han vart underskriven, auka utsleppa av CO₂ i nokre tiår med 1,5 prosent i året. I åra etter har auken vore 2,5 prosent i året (fram til finanskrisa).

Kampen for å få ned klimautsleppa og få fram karbonfrie samfunn må intensiverast som om verda er i ein krigstilstand der alle krefter må mobiliserast. Kampen gjeld vern av dei unge og ufødde, dei forsvarslause og naturen. Når skal media ta ansvar for å vekke folk opp or svevnen, når skal me venda om frå ei ferd som nådeløst fører til ufatetelege lidningar for dei som kjem etter oss?

Sigbjørn Grønås er professor emeritus i meteorologi ved Geofysisk institutt, Universitetet i Bergen.

Skirbekk og einskapskulturen

SAMFUNN
ARNFINN HARAM
OSLO

Gunnar Skirbekk tek i Dag og Tid 26. november prisverdig fram noko som er forsømt i debatten om den kulturelle utviklinga i landet vårt. Nemleg at vår samfunnsform har grodd fram av eit spesielt jordsmonn over lang tid og er ikkje resultat av kjappe politiske vedtak. Han gjer merkksam på dei sterke folkerørslene av kristen og idealistisk karakter og på innsatsen til ein heiderleg og målmedviten embetsstand med vilje til utvikling og framsteg. Det er ikkje råd å halde oppe ein moderne velferdsstat utan ein slik felles basis, hevdar Skirbekk.

Etter mitt syn er det vanskeleg å vidareføre og utforme ein slik fellesidentitet i dag. Då overser ein det faktiske mangfaldet i dagens Noreg. Eit mangfald som inneber sterkt divergerande oppfatningar når det gjeld livssyn, tru og etikk. Ei ideologisk legering av dette vil bli altfor tynn og vag til å vere særleg operativ. Det blir noko ein kan bruke til pynt og på flaggdagar, og samstundes som eit tilsynelatande nøytralt teppe over ideologisk maktbruk frå styremaktene si side.

Særleg om ein tek med ein av Skirbekks premisser: at religionen skal haldast nede og borte frå den offentlege arenaen. Underleg nok – når Skirbekk nettopp har synt oss kor viktige nettopp kristne folkerørsler har vore i norsk samfunnsbygging. Skirbekk set religion opp mot «vitskap»; eit omgrep som også kan brukast som ideologisk maktmiddel og slett ikkje er ein eintydig verdi. I den nye fellesidentiteten er det særleg religiøs tru og praksis som må haldast i øyra, ser det ut for at Skirbekk meiner. Han går så langt som til å vilje gripe inn mot grunnleggjande foreldrerettar som «religiøse eller livssynsbaserte privatskular».

Denne stigmatiseringa av tru og truspraksis er uholdbar med tanke på dei mange – og stadig fleire – aktivt truande i dette landet. Skirbekks tale om «ei religionskritisk lutring» ligg i same lei. Det er ikkje snakk om at religionen skal ha nokon favorisert plass som kulturell eller politisk identitetsmarkør, men han skal kunne medverke i samfunnsbygginga på like line med andre livssyn og overtendingar.

Eg tvilar på om det i dag er mogleg å rekne med ein ny einskapskultur utover det å finne siviliserte og pragmatiske måtar å leve saman på. Skirbekks sekularistiske utopi verkar framandgjerande, i alle fall på menneske som eg. Og truleg på fleire.

Arnfinn Haram er dominikanarpatet ved St. Dominikus kloster i Oslo.

Ein gravande klimajournalist

MILJØ
ØYVIND NORDLI
OSLO

Det ser ut til at Dag og Tid nettopp har fått det i Per Anders Todal, som tydeleg har lese seg opp på emnet. I siste nummer av avisa analyserer han påstandar i programmet «Debatten» i NRK2 den 28. oktober. Der vart som vanleg mange påstandar om klimaet sette fram utan at ein einaste klimaforskar vart invitert som kunne fortelja kvar forskinga står. Skal ein få ein seriøs debatt, er det viktig at ein diskuterer ut frå visse uproblematisk fakta som forskarane er samde om og som kan dokumenterast.

Når så Per Anders Todal faktisk greidde å finne fleire slike feil i argumentasjonen til Ole Henrik Ellestad, fall det Ingvar Åberge tungt for brystet (Dag og Tid 26. november). Han går svært langt i å forsvare Ellestad, men er ikkje heldig med argumentasjonen. Ein interessant del av argumentasjonen til Åberge femner om den såkalla Beck-kurva om CO₂-konsentra-

sjonen i atmosfæren: «... men til Ellestads forsvar skal i alle fall seiast at han nyttar ein publisert studie (altså Beck-kurva) i sin argumentasjon. Det same gjer dei som nyttar 'hockeykølle'-kurva som viser at det globale klimaet har vore mykje varmare dei seinaste hundreåra enn dei føregåande tusen åra. Også denne kurva er grundig tilbakevist som userios.»

Heldigvis har vi trykkjefriheit her i landet, men dermed er det ikkje sagt at det som kjem på trykk, er kvalitetssikra forskning. Det er vi berre trygge på å finne i forskningstidsskrift. Sjølve prosessen skjer på denne måten: Forskaren sender til tidsskriftet eit arbeid som han ynskjer å publisere. Redaktøren sjekkar om det høver med innhaldet i tidsskriftet og sender det eventuelt til to eller fleire fagfellar. Dei vurderer arbeidet, ser om det held vitenskaplege mål og om det inneheld ny kunnskap. Om desse krava er oppfylte, foreslår fagfellarane at artikkelen kan publisertast. Som oftast har fagfellarane noko å utsetja på artikke-

len, men ofte ikkje større ting enn at det lèt seg rette opp. Om fagfellarane finn at artikkelen ikkje held mål, foreslår dei for redaktøren at artikkelen ikkje blir publisert. Det er altså svært viktig å skilja mellom kvalitets-sikra arbeid og arbeid som ikkje er det.

Er så hockeykøllekurva kvalitetssikra på denne måten? Fyrst må eg seiast at Åberge ikkje gjev att innhaldet i grafen rett. Den viser ikkje at det globale klimaet har vore mykje varmare dei seinaste hundreåra enn dei føregåande tusen åra, men at temperaturen på den nordlege halvkule var varm i vikingtida, fall så utover i hundreåra og tok til å stige att omkring midten av 1800-talet, til han dei seinaste tiåra har vorte varmare enn i vikingtida. Publisering av slike kurver er på moten, og det er vel ti-femten slike arbeid som er publiserte i velrenommerte tidsskrift med fagfellevurdering. Det er brukt ulike metodar og delvis ulike data, men dei viser stort sett det same: at varmen dei seinaste tiåra har vore sterkare enn i vikingtida.

Åberge skriv vidare: «... han (dvs. Ellestad) nyttar dei same retoriske knepa som 'den etablerte klimavitskapen' strør rundt seg med heile tida». Som forskar vil eg seiast at det siste vi kan tenkje oss, er å nytte retoriske knep. Det einaste vi har å stø oss til er fagleg tyngd. Dermed er vi svært redde for å koma med utsegner utan at vi har god dekning for dei. Truleg reknar NRK oss for keisame sidan vi vantar dei spissformuleringane som media vil ha, og dermed vart vi heller ikkje inviterte til debatten i NRK2?

Per Anders Todal må vi berre ynskje lukke til med vidare graving. Det blir arrangert klimakonferansar rundt omkring i verda, til dømes i Wien til våren av Den europeiske geofysiske unionen. Eg foreslår at Dag og Tid spanderer tur til han der han kan vandre rundt, intervju forskarar, lyde på debatten dei imellom, gjerne stille kritiske spørsmål og rapportere tilbake til avisa. Det ville vera noko det!

Øyvind Nordli er seniorforskar ved Det norske meteorologiske institutt.